



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 8/2020

Møtedato: 11.2.20

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

## Inndeling av jaktsoner for fuglejakt i perioden 15/9 – 25/9

I dei år med stor produksjon av rype, vert det seld eit auka tal på jaktkort. Særskilt i sesongen 2018 var det ein del negative merknader frå jegarar på at rundt Grønnsenn høgde vart det for stor ansamling av jegarar. Dette var og eit toppår for rype produksjon samt auka kortsal

Ei stor ansamling av jegarar på eit lite areal er uheldig både med omsyn på sikkerhet samt negativ oppleveling av å gå i «kø». Administrasjonen har vore i møte med Vestre Slidre jeger og fiskarlag for å diskutere forslag som kan bøte på dette.

Ei løysing som er lansert er å dele allmenninga inn i fleire jaktsoner i perioden 15/9 – 25/9, då jakttrykket er størst. Utanbygds jegarar må då velje kva sone dei primært ynskjer å søkje jakt i, og på den måten vil ein kunne fordele jegarane ut over heile allmenninga slik at ikkje alle ender opp på Grønnsenn-høgde samtidig.

Ulempen er at ein tek bort noko av den friheten utanbygds jegarar har i dag med sjølv å kunne velje kva dei vil gå, men dette oppveies av ein betre fordeling av jegarar samt auka tryggleik. I år med god rype produksjon vil dette også kunne vere med å gje auka moglegheit for noko meir kortsal. Betre fordeling av jegarar gjev fleire jegarar mogheit til jakt samt auka inntekt.

Det er i diskusjonen med Vestre Slidre jeger og fisker foreining lagt fram forslag om 3 soner, der grunnlaget er forhåndstildeling av 80 jaktkort til utanbygds buande

1. Gilafjellet/Bukono (15 kort)
2. Sørre del av Grønnsen/Krististølen samt Baklia (25 kort)
3. Heile statsallmenninga (40 kort)

Verknaden av dette er at dei som får tildelt kort i sone 1 eller sone 2, kun kan jakte i sin respektive sone i heile 5-dagers perioden. Dei som får tildelt kort i sone 3, har heile statsallmenninga, og kan jakte i sone 1, sone 2 og alt resterande areal. I praksis vert dei i sone 3 likestilt med innanbygdsbuande, som og jaktar fritt i heile statsallmenninga.

Mest sannsynleg vil og ein del av dei som tildeles sone 3 (fritt val av terren) jakte i sone 1 og 2 og dermed sprer ein jegarane på ein effektiv måte. Ein vil ihvertfall unngå i større grad ein samanklumping rundt Grønnsenn høgde, som i seg sjølv er positivt.

Det kan oppstå noko uheldig korttildelingar den eks ein hytte-eigar frå Syndin får tildelt kort kring Krististølen/baklia. Men sånn er det, og er noko ein må tåle. Det er veldig mange som ikkje får tildelt jaktkort, så finn dei at dette inneber for mykle kjøring kan dei evt takke nei til kortet, det står fleire hundre i kø på jaktkort i Vestre Slidre statsallmenning.

Administrasjonen ber om ei avklaring frå Fjellstyret på om ein er einig i å dele inn i terren på den måten som det er lagt fram i saka. Så bør det kunne vere opp til Fjellstyre-leiar saman med administrasjonen (og dialog med Vestre Slidre jeger og fiskarlag) å endeleg fastsetje grenser for dei ulike sonane, samt kor mange kort dei einskilde sonane skal kunne tildelast.

Sidan ein legg ut førehandssal av jaktkort med søknadsfrist den 01. april 2020, er det viktig å få ein avklaring på sone inndeling nå i februar, slik at dette evt kan tilpassast før ein legg ut jaktkort.

Kommunen og Vestre Slidre jeger- og fiskarlag har muntleg opplyst at det ikkje er merknader til saka.

### Framlegg til vedtak:

Fjellstyret vedtek å dele fuglejakt i perioden 15/9 – 25/9 inn i 3 soner for utanbygds jakt, der fjellstyreleiar saman med administrasjonen kartfestar sonane samt definerer tal på jaktkort i kvar sone.

### Vedtak:

Fjellstyret vedtek å dele fuglejakt i perioden 15/9 – 25/9 inn i 3 soner for utanbygds jakt, der fjellstyreleiar saman med administrasjonen kartfestar sonane samt definerer tal på jaktkort i kvar sone.

Vedtaket er samrøystes.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker fra mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 12.2.20

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune  
Vestre Slidre jeger- og fiskarlag